



07.11.2024

Budsjettpresentasjon 2025

Kommunedirektør Kristine Dahl

Frå mediebialetet

Kommuneøkonomien ble klart strammere i 2023. Nesten halvparten av kommunene hadde netto driftsresultat. Mange kommuner rapporterer allerede nå om betydelige sprekk i budsjettene i år. Forslaget til vekst i de frie inntektene neste år fjerner på ingen måte behovet for omstillinger og prioriteringer, men det kan gjøre nødvendige omstillinger mindre dramatiske enn hva de ellers ville blitt

Ks styreleiar Gunn Marit Helgesen

Om budsjett- og økonomiplanlegging

- Kommunelova er styrande for kommunane sitt budsjett og økonomiplanarbeid.
- Det er eit grunnleggande krav at kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.
- Kommunen skal etter planen fastsette ein økonomiplan som omfattar dei fire neste budsjettåra. Budsjettet inneheld detaljane for det komande budsjettåret.
- Økonomiplanen skal rullerast årleg. Dette inneberer at økonomiplanen skal oppdaterast og bygge på endringar i alle typar rammevilkår, nye politiske prioriteringar og andre premisser som har økonomiske konsekvensar for kommunen i den komande fireårsperioden.
- Økonomiplanen med årsbudsjett skal vere i balanse, og skal gi realistiske oversikter over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i heile økonomiplanperioden på fire år.
- Kommunen må anslå eit beste estimat ut frå informasjon som er tilgjengeleg og informasjon ein kan bringe fram.
- Estimata må basere seg på eit godt fagleg skjøn for det som ein kan forvente. Det faglege må vere aktsamt slik at inntektene ikkje blir overvurdert, eller utgiftene blir undervurdert

Kort om budsjettet

Budsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028 skal etter kommunelova vedtakast i balanse.

Kommunestyret tok i møte 24. oktober 2024 ubalansen på kr 105,9 mill. i kommunen sitt konsekvensjusterte budsjett for 2025 til vitande, og bad kommunedirektøren kome med endringstiltak som, så langt det let seg gjere, reduserer underskotet i økonomiplanen 2025-2028 til formannskapet sitt neste møte den 14. november.

1. november 2024 la Regjeringa fram den varsla auken i rammetilskotet for kommunane. For Stad kommune utgjorde det om lag 7,4 mill. Beløpa er vidareført i åra 2026-2028 utan prisregulering.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 er det i planperioden lagt inn innsparingar i kommunalområda på kr 15,3 mill. Dette ligg innanfor det som ein forventar å vere realistiske tiltak, dvs. tiltak der ein forventar å oppnå innsparingar tilsvarande beløpet som er sett opp.


Rest ubalanse i budsjett 2025 er no på kr 83,1 mill. som er føreslege dekt ved bruk av disposisjonsfond.

Kommunen har disposisjonsfond til å dekke heile meirforbruket i 2025 og om lag halve i 2026. Resten blir ståande som udekket og gir ein økonomiplan i ubalanse. Disposisjonsfonda inkl. rente- og avkastningsfondet blir såleis brukt opp i 2026.

Kommunedirektøren har i dag ikkje svar på korleis ein skal oppnå vidare innsparingar utan at det blir gjennomført større endringar i måten vi organiserer og leverer vår tenesteyting.

Kommunedirektøren har med dette lagt fram ein økonomiplan i ubalanse, noko som er i strid med kommunelova og som ved vedtak vil medføre at Stad kommune er ROBEK-kommune frå 1. januar 2025.

Netto driftsresultat og bruk av fond




Rammekår og føresetnadar

- Det er budsjettert med skatteinntekt, inntektsutjamning og rammetilskot i samsvar med framlagt statsbudsjett for 2025 og for auken i rammetilskotet som Regjeringa la fram i pressekonferanse 1. november 2024. For Stad kommune utgjorde det om lag 7,4 mill. Beløpa er vidareført i åra 2026-2028 utan prisregulering.
- Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustad med 3,5 promille for heile økonomiplanperioden. Vidareføring, men har høve til å auke denne til 4,0 promille. Ingen framlegg om eigedomsskatt på næring, då dette har vore teke opp i andre tidlegare saker i kommunestyret.
- Utbetaling frå havbruksfondet 2025: kr 12,3 mill, 2026: kr 14,2 mill, 2027: kr 8,3 mill og 2028: kr 17,9 mill. Dette med bakgrunn i rapport frå Kontali AS.
- Avkastning på investeringsfondet + anna overskotslikviditet på kr 6,1 mill pr. år i planperioden, tilsvarande 5,5 % (ved grunnlag kr 110 mill). Om lag 65 % av porteføljen er plassert i rentemarknaden, og 35 % i aksjemarknaden. Heile den budsjetterte avkastninga er vedteke brukt i driftsbudsjettet.
- Utbyte frå eigarskap i SFE og Sogn og Fjordane Holding på kr 10,9 mill i 2025 og kr 6,1 mill pr. år for 2026-2028.
- Konesjonskraftinntekt på kr 150.000,-
- Netto pensjonskostnad KLP fellesordninga 14,5 %, KLP sjukepleieordninga 17,5 % og SPK 9,0 %.
- Lønsvækst i 2025 på 4,5 % gjeldande frå 1. mai 2025 med grunnlag i dei tilsette si løn pr. 01.01.2025.

Varsla utvikling i netto driftsresultat

Kommunedirektøren har ved fleire høve vist til betydelege utfordringar knytt til Stad kommune sin økonomi. Både i inneverande år og for dei komande åra, og vart m.a. i rekneskap for 2023 presentert slik:



Investeringsbudsjettet og handlingsregel for låneopptak

Kommunestyret vedtok i møte den 20.06.2024 sak 24/091, handlingsreglar for framtidige låneopptak. Nye årlege låneopptak skal ikkje vere større enn 80 % av det kommunen skal betale som avdrag same år. Låneopptak til sjølvkostområda kan kome i tillegg.

Kommunedirektør har laga tilråding til investeringar og låneopptak i komande økonomiplan som er innafor denne handlingsregelen. Som utgjer eit låneopptak på 44,4 mill.

Det er synleggjort i eigne tabellar under kapittel “Investeringsbudsjettet” kva investeringstiltak som er teke med i tilrådinga. Dette blei også presentert i eiga sak i kommunestyret 24. oktober 2024.

For kommunar som har gjort ulovlege budsjett- og økonomiplanvedtak, så gjeld det eigne reglar om låneopptak. Departementet må godkjenner vedtak om lån ved å fastsette ei øvre ramme for låneopptak for budsjettåret, og kan også fastsette vilkår for bruken av låneramme.

Dei viktigaste driftsendringane for 2025




5 mill. kr i innsparing på vakansar - utfordringar med å skaffe vikarar



Fleire grunnskuleelevar med komplekse utfordringar

Oppvekst



Auka gratis kjernetid SFO 1-3 klasse med auka deltaking - ikkje fullfinansiert frå staten



Auke i tal flyktningar



Generell lønnsauke



Sentralt fastsett makspris i barnehagane – reduksjon i inntekter

Dei viktigaste driftsendringane for 2025


Kultur og samfunn



Generell lønnsauke




Auka
sakshandsamingsgebyr
plan og byggesak



Kr 4 mill. auke ved
ny straumavtale



Redusere utgifter til
grøntvedlikehald/
sommarhjelp



Prisvekst og auke
vedlikehaldskostnadar



Meirinntekter
Operahus og utleige

Dei viktigaste driftsendringane for 2025

Helse og omsorg



Auka grunnbemanning og auka bemanningsbehov, vikarteneste



Lisens og programvare, medisinsk utstyr/ velferdsteknologi, driftsmidlar



Generell lønnsvekst



Innsparing kr. 8,690 mill. Fjerna vakante stillingar, redusere innleige ved fråver og overtid




Oppretta ny barnebustad




Demografiske endringar og auke behov for tenesteyting hos yngre brukargruppe


Vegen vidare




Formannskapet skal diskutere budsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028 med framlegg til vedtak torsdag **14. november 2024.**



Kommunedirektøren tilrår at det vert oppretta eit eige **Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028.** Dette inneber at det vert sett i verk eit større endrings- og omstillingsprosjekt i regi av Stad kommunestyre, som også må ta stilling til form, innhald og omfanget av endringstiltak.



Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, skal offentleggjerast minst 14 dagar før kommunestyret handsamar saka.



Saka skal innom formannskapet før vedtak **13. desember 2024.**

Stad kommune – knutepunkt

- Geografisk knutepunkt i Nordfjord og på kysten av Vestlandet
- Største kommunen i Nordfjord
- Region rundt på 50.000
- Kommune og næringsliv i vekst



9.639 innbyggjarar



50.000 innbyggjarar



4 milliardar kroner

Folketalsutviklinga har vore positiv og er fortsatt aukande.

Kommunesenteret Nordfjordeid ligg i ein bu- og arbeidsregion med 40.000 innbyggjarar innan 60 min. Viktig senter for skule, kultur og handel.

Bedriftene i Stad kommune omset for over 4 milliardar kroner, og forventar omsetningsvekst på nær 1 milliard kroner og ein tilvekst på mange nye arbeidsplassar dei neste åra.

